

# Vurdering av innspel

## Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038

I innspelslista blir alle uttalar frå offentlege instansar, samt innspel frå andre aktørar som omhandlar planprogrammet, vurdert. Andre innspel frå t.d. folkemøta vil bli tatt med vidare inn i planarbeidet. Desse innspela vil bli grundigare vurdert i samband med utarbeiding av sjølve plandokumenta.

Dato	Avsendar	Oppsummering av innspel/uttale	Kommunedirektøren si vurdering
10.02.2025	Statens vegvesen	<p>Ved uttale til kommunale planar har SVV særleg fokus på trafikktryggleik og utslepp av klimagassar. Trygg skuleveg og redusert bilbruk er sentrale fokusområde når det gjeld overordna mål for arealbruk.</p> <p>SVV viser til Nasjonal transportplan, Barnas transportplan og Statlege planretningslinjer for arealbruk som nyttige ressursar i planarbeidet.</p> <p>SVV oppmodar om å ta med transport som ein faktor ved utgreiingar knytt til satsingsområda i samfunnsdelen. Det må takast omsyn til at ikkje alle køyrer eigen bil, særleg dei yngste og eldste av oss.</p>	Innspela er tatt til etterretning.
17.03.2025	FAU ved Våge barnehage	Innspel til satsingsområde som handlar om gode kvardagsliv og til dels næringsutvikling	Innspelet er delvis tatt til etterretning. Tilgang til barnehage og skule er omtalt i planprogrammet i kapittel 4.1 under gode kvardagsliv.

		<p>og verdiskaping. For foreldra i Ytre Fjaler er eit fullverdig skule- og barnehagetilbod noko som mogleggjer å kunne leve gode kvardagsliv. FAU sitt ynskje er at det skal stå noko om viktigheita av oppveksttilbodet i Ytre Fjaler (Våge skule 1-10 og Våge barnehage) i det nye planverket. FAU poengterer også viktigheita av skule- og barnehagetilbodet når kommunen samstundes satsar på meir næringsutvikling på Lutelandet.</p>	<p>Fjaler kommune jobbar for tida med innsparingar i oppvekstsektoren. Mandatet frå kommunestyret har som mål om å oppretthalde den noverande skulestrukturen. Endringar i skulestrukturen må likevel vurderast dersom innsparingsmålet gjennom effektivisering av noverande skulestruktur ikkje kan bli nådd.</p>
24.03.2025	Fjaler eldreråd	<p>Eldrerådet kjem med innspel der dei legg fram viktige punkt til satsingsområda i planprogrammet.</p> <p>Gode kvardagsliv:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bustader for eldre, lettstelte og i nærleik av butikk</li> <li>• Overhalde/følgje opp buplikta</li> <li>• Nærbutikkar er viktige for bygdene</li> <li>• Sosiale møteplassar viktige for eldre</li> <li>• Betre kollektivtilbod/tilbod til eldre som ikkje kjem seg rundt</li> <li>• Skulebuss som ikkje har plass til eldre/andre passasjerar – synd for dei eldre</li> <li>• Aktiv på dagtid i bygdene – viktig tilbod</li> <li>• Gode turområde, gode stiar med benkar – viktig dei vi har, gjerne fleire</li> </ul>	<p>Alle innspela blir tatt til etterretning og vidare med inn i planarbeidet.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grendahuset med aktivitet – legge til rette for aktivitet her</li> <li>• Generasjonsmøteplassar – viktige</li> <li>• Bu trygt heime reforma – må følgast opp i planen</li> <li>• Bruke pensjonistar meir i frivillig arbeid</li> </ul> <p>Næringsliv og verdiskaping:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støttar kulturell verdiskaping</li> </ul> <p>Klima, natur og miljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Berekraftig oppdrettsanlegg – status på fisk i fjorden i forhold til oppdrett</li> </ul> <p>Kommunen som tenesteytar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka digitalisering kan gje auka ekskludering</li> <li>• Meirope bibliotek bør utgreiast</li> </ul>	
24.03.2025	Fjaler Senterparti	<p>Fjaler Senterparti kjem med følgande endringsforslag til planprogrammet i si uttale:</p> <p>Nest siste avsnitt s. 7 bør vere: Det er flott natur og god tilgang på friluftsliv i kommunen og ivaretaking av naturvernområde og kulturminne er viktig framover. Jordbruksarealet er på snitt med fylket, og kommunen må gjere tiltak for å unngå reduksjon i høve produksjon og skjøtsel av kulturlandskapet.</p>	<p>Innspelet er delvis tatt til etterretning. Kapittel 3.1 skildrar utviklingstrekk og utfordringar i kommunen. Korleis ein jobbar med desse utfordringane vil ein omtale i sjølve planen. Ny formulering lyder slik: «Jordbruksarealet er på snitt med fylket, men reduksjon i landbruket vil gje utfordringar i høve produksjon og skjøtsel av kulturlandskap».</p>

		<p>Tillegg til pkt. 3.1., under Kommunen sin økonomi (s. 8): Kommunen kan og søkje å auke inntektene gjennom å bidra til ny næringsutvikling.</p> <p>Pkt. 4.1. – fjerde kulepunkt (s. 10) bør vere: Sikre at barn og unge har trygge omgjevnader som legg til rette for læring, leik og utvikling. Dette inkluderer tilgang til barnehagar, SFO, skular, kulturskule og leikeplassar, og ei styrking av frivillig sektor som fremmar gode meistringsarenaer innan fysisk og kulturell aktivitet.</p>	<p>Innspelet er delvis tatt til etterretning. Følgande setning er lagt til: «Kommunen skal også sjå på moglegheitene for å auke inntektene».</p> <p>Innspelet er delvis tatt til etterretning. SFO og kulturskule er lagt til i siste setninga.</p>
25.03.2025	FAU ved Våge skule	FAU ved Våge skule kjem med innspel til satsingsområdet gode kvardagsliv. For dei er eit oppveksttilbod i Ytre Fjaler noko som gjer det lettare å bu og leve i ytre delar av kommunen. FAU ynskjer å tydelegare framheve den desentraliserte skulestrukturen i Fjaler i det vidare planarbeidet. FAU meiner at stadige vurderingar knytt til skulestrukturen kan påverke attraktiviteten av Ytre Fjaler som eit lokalsamfunn.	<p>Innspelet er delvis tatt til etterretning. Tilgang til skule er nemnt i kap. 4.1 i planprogrammet under gode kvardagsliv.</p> <p>Fjaler kommune jobbar for tida med innsparingar i oppvekstsektoren. Mandatet frå kommunestyret har som mål om å oppretthalde den noverande skulestrukturen. Endringar i skulestrukturen må likevel vurderast dersom innsparingsmålet gjennom effektivisering av noverande skulestruktur ikkje kan bli nådd.</p>
26.03.2025	Statsforvaltaren i Vestland	<p><b>Planprogram</b></p> <p>Statsforvaltaren påpeikar at satsingsområda ikkje har blitt konkretisert vidare. Kommunen skal unngå at dei kjem i konflikt med kvarandre.</p>	Innspelet er tatt til etterretning.

		<p>SF minner om at det har kome nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet som erstattar dei gamle retningslinjene. Desse må sjåast i samanheng med dei nye statlege planretningslinjer for klima og energi.</p> <p><b>Innleing</b> Statsforvaltaren understrekar viktigheita av konkretiseringa av planane gjennom god kopling mellom handlingsdelen og økonomiplanlegginga. Såleis vil kommunen få ei betre oversikt over kva den ynskja samfunnsutviklinga vil koste.</p> <p>SF meiner at kommunen bør danne seg eit reelt utfordringsbilete knytt til demografisk utvikling som grunnlag for arbeidet med revisjonen av samfunnsdelen.</p> <p><b>Medverknad og framdriftsplan</b> Statsforvaltaren meiner at kommunen ikkje har fastsett kva type medverknad kommunen vil gjennomføre og korleis barn kan delta i planarbeidet.</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning. Kapittel 2.2 er oppdatert med dei nye statlege planretningslinjene.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Det blei utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi. Her er utfordringsbiletet tydeleg gjort greie for.</p> <p>Medverknadsmetodane er lista opp i kapittel 5.1. Det er gjennomført digital spørreundersøking og fire folkemøte i samband med høyring av planprogrammet. Barn og unge skal få delta i planarbeidet gjennom planverkstad på skulane og/eller Barnetråkk. Fjaler kommune har utnemnt ein talsperson for barn og unge. Denne personen vil ha ei aktiv rolle i planprosessen.</p>
--	--	---	--

		<p><b>Systematisk folkehelsearbeid</b> Statsforvaltaren påpeikar at det er sentralt for kommunen å få oppdatert folkehelseoversikta.</p> <p>SF meiner at aldersvenleg samfunnsplanlegging og universell utforming skal inngå i satsingsområdet gode kvardagsliv.</p> <p><b>Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging</b> Statsforvaltaren understrekar behovet for rekrutterings- og kompetanseplanlegging for å sikre ei berekraftig utvikling av helse- og omsorgstenestene.</p> <p><b>Miljøutfordringar – klima</b> Statsforvaltaren meiner at kommunen bør sikre seg godt oversyn over sårbare naturområde og artar, blågrøne strukturar, samanhengande naturområde, våtmarker, elvebreidder og skogområde som er viktige for å dempe verknader av klimaendringar.</p> <p>Planlegginga må byggje på kunnskap om nosituasjonen og framskrivingar om utslepp og energibruk.</p> <p>Det er viktig at ivaretaking av naturmangfaldet og karbonrike areal er</p>	<p>Fjaler kommune er i gang med å revidere folkehelseoversikta.</p> <p>Aldersvenleg samfunnsplanlegging og universell utforming er lagt til i kap. 4.1.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning. Fjaler kommune skal lage ein strategisk kompetanseplan som omtalar utfordringar knytt til kompetanseutvikling.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p>
--	--	---	---

		<p>vektlagt i samfunnsdelen og framheva som eige tema eller ein sentral del under tema om arealbruk.</p> <p>SF oppmodar kommunen om å fastsetje tydelege mål og strategiar i samfunnsdelen som gjeld klima, energi og klimatilpassing, det skal også skildrast korleis kommunen kontrollerer om måla vert nådd.</p> <p><b>Miljøutfordringar – naturmangfald</b> Statsforvaltaren oppmodar kommunen om å legge FNs naturpanel sin rapport til grunn for alt planarbeid i kommunen. Her er kartlegging av naturmangfald er viktig for å betre kunnskapsgrunnlaget. Statsforvaltaren poengterer at det er lite fokus på natur og naturmangfald i planprogrammet.</p> <p>Kommunen bør utarbeide oversyn over viktige naturressursar og naturtypar, vassdragsområde, fjellområde, våtmarker i ein kommunedelplan for naturmangfald. Også for sjøområda må kunnskapen om naturmangfald aukast.</p> <p>Kunnskap om viktige naturverdiar må oppdaterast og vidareutviklast for å kunne</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning. Ivaretaking av naturmangfald er lagt til i kapittel 4.3 under Klima, natur og miljø, og vidare under berekraftig arealforvaltning.</p> <p>I kommunal planstrategi for inneverande planperiode er ikkje kommunedelplan for naturmangfald opplista under planbehov. Det må takast stilling til om det skal utarbeidast ein KDP for naturmangfald ved neste rullering av planstrategien.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
--	--	--	---

		<p>gje grunnlag for berekraftig økologisk utvikling.</p> <p>Kommunen må ha ei medvite haldning til korleis areal skal disponerast i eit berekraftsperspektiv og kva areal skal byggast ut. Fastsette konkrete mål og strategiar for korleis naturverdiane skal sikrast for framtida i samfunnsdelen.</p> <p><b>Arealstrategiar og arealrekneskap, revisjon av kommunedelplan for Dale og arealdelen</b></p> <p>Statsforvaltaren minner om at det er viktig at kommunen gjennom samfunnsdelen fastset mest mogleg oppdaterte og konkrete arealstrategiar.</p> <p>SF meiner at det bør gjennomførast ei heilskapleg vurdering av klima- og miljøverdiane i kommunen.</p> <p>Arealstrategien skal ha ei strategisk tilnærming som omfattar naturverdiar, kulturmiljø, ureining, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.</p> <p>SF tilrår kommunen å ha eit mål om å vere mest mogleg klima- og arealnøytral. Fokus på fortetting og gjenbruk av utbygde areal.</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
--	--	---	---

		<p>Arealrekneskap skal takast inn under «behov for utgreiingar».</p> <p>Vidare påpeikar Statsforvaltaren at det behov for rydding og oppdatering av eldre reguleringsplanar i Dale.</p> <p><b>Strandsone og kystsoneplanlegging</b> SF føreset at kommunen er restriktiv med å opne for nye byggjeområde i frå før meir eller mindre ubygde område i strandsona.</p> <p>Det skal innarbeidast ei strandsoneanalyse som leggjast til grunn i arealplanlegginga.</p> <p><b>Utviklingstrekk og bustadbehov</b> SF meiner at utbygging skal i størst grad lokalisert til eksisterande grender og tettstadar, og at det skal leggjast vekt på tilgang til gang- og sykkelveg og trygg skuleveg.</p> <p>Det er viktig å samordne arealbruken og transportsystemet.</p> <p>Ved fortetting skal ein god og samanhengande grønstruktur ivaretakast og vidareutviklast. SF tilrår at ein legg føringar for at bustadvekst i hovudsak skal skje i kommunesenteret og</p>	<p>Arealrekneskap er allereie nemnt i kapittel 3.4 om arealstrategi.</p> <p>Det skal gjennomførast ein «planvask» av reguleringsplanar i Dale i samband med revidering av KDP for Dale.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p>
--	--	---	---

		<p>at det skal leggest til rette for balansert vekst i andre bygder.</p> <p><b>Landbruk og jordvern</b> Ifølge Statsforvaltaren skal to aspekt ved interessene til landbruket prioriterast i planprogrammet og arbeidet med samfunnsdelen: jordvern som premiss for arealforvaltninga og utviklingsmoglegheitene og utfordringane for landbruket i kommunen framover.</p> <p>Landbruksinteressene skal ivaretaast gjennom planen både under satsingsområdet «Næringsutvikling og verdiskaping» der landbruksutviklinga inngår. Under klima, natur og miljø skal jordbruksareal og jordvernomsyn omtalast.</p> <p>SF påpeikar vidare at kommunen manglar synleg eller oppdatert landbruksplan som viser ei samanstilling av dei viktigaste utfordringane i Fjalerlandbruket.</p> <p>Vidare blir det vist til ei jordvernutfordring knytt til omdisponering av jordbruksareal (2-8 gonger meir enn det nasjonale målet). Kommunen vil ha store utfordringar knytt til bustadføremål i Dale, tenesteyting på Haugland og bustadføremål i Flekke og på</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Ifølge kommunal planstrategi for inneverande planperiode skal det utarbeidast ein plan for kjerneområde landbruk.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
--	--	--	---

		<p>Grytøyra, der det framleis er minst 130 daa. ubygd planareal.</p> <p>Kommunen skal oppsummere jordvernutfordringane under satsingsområdet om klima, natur og miljø og konkretisere mål og strategiar knytt til jordvern.</p> <p>Det skal utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag og strategiar for korleis landbruket vil og kan utvikle seg framover og kva kommunen kan bidra med for at landbruket skal utviklast i framtida.</p> <p>Det er forventa at kommunen vidarefører ein eigen landbruksbolk under næringsutvikling og verdiskaping, slik ein har gjort i den gjeldande samfunnsdelen.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og beredskap</b> SF påpeikar at rundskriv H-5/18 samfunnssikkerheit i planlegging seier om minimumsforventningane til samfunnsdelen. Det skal vurderast kva som er akseptabel risiko eller sårbarheit.</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
27.03.2025	Vestland fylkeskommune (VLFK)	<p><b>Planfaglege merknader</b> Fylkeskommunen minner om at det er vedtatt nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet som erstattar</p>	<p>Kapittel 2.2 er oppdatert med dei nye statlege planretningslinjene.</p>

		<p>planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging frå 2014.</p> <p>VLFK oppmodar kommunen til å skildre korleis kommunen skal følge opp planen gjennom budsjett- og handlingsprogrammet.</p> <p><b>Arealstrategi</b> Kommunen skal gjennom arealstrategien vurdere t.d. kor planreserven er, kva arealressurstypar planreserven ligger i, og om planreserven reflekterer behovet for utbygging.</p> <p>Arealstrategien skal gi føringar for framtidig utbygging i kommunen som skal vere berekraftig. Fokus på areal- og transportplanlegging, redusere nedbygging av LNF-, samt natur- og friluftsområde.</p> <p>Arealstrategiane bør også ha fokus på universell utforming, vern av kulturminne og kulturmiljø og sikre gode areal og arenaer for friluftsliv og idrett.</p> <p><b>Klima og miljø</b> VLFK viser til Regional plan for klima 2022-2035 som fylkeskommunen har utarbeidd. Mange av retningslinjene i planen er relevante for arbeidet med samfunnsdelen.</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p>
--	--	--	--

		<p>Fylkeskommunen meiner at kommunen bør definere eit utsleppsmål, med tilhøyrande delmål og tiltak.</p> <p>Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å utarbeide eit godt kunnskapsgrunnlag om klima og miljø.</p> <p>Vidare påpeikar fylkeskommunen at kommunen bør planlegge for klimaendringane i komande planar, på ein heilskapleg og målretta måte, og vurdere korleis klimarisiko og klimaendringane påverkar planen sine langsiktige utfordringar, mål og strategiar</p> <p><b>Vassforvaltning</b> Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 skal leggast til grunn i kommunal planlegging. Planen skal vere inkludert under kap. 2 i planprogrammet.</p> <p>I samfunnsdelen bør det definerast eit generelt mål knytt til tilstanden på vassmiljø i kommunen, og dette skal forankrast i arealstrategien.</p>	<p>Regional plan for vassforvaltning er lagt til i kapittel 2.3.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
--	--	--	---

		<p>Samfunnsdelen skal synleggjere korleis kommuneplanen skal bidra til å nå berekraftsmåla knytt til vatn.</p> <p><b>Næringsutvikling</b>  VLFK oppmodar kommunen til å sette kraft og fornybar energi på dagsorden, da kommunen har utfordringar knytt til kraftkapasitet og linjenett, særleg når det gjeld utviklinga på Lutelandet.</p> <p>Samarbeid og samordning med nabokommunar blir løfta fram som eit tiltak for å kunne jobbe med denne utfordringa. Samarbeidet skal vere formelt og langsiktig, ref. utviklingsplanen for Vestland.</p> <p>Fylkeskommunen saknar ei tydelegare tematisering av grøn næringsutvikling / omstilling av næringslivet og kva for rolle kommunen har i dette.</p> <p>VLFK ber kommunen om å jobbe meir med, og løfte fram sirkulær økonomi som eit tema i samfunnsdelen.</p> <p><b>Mobilitet og transport</b>  Fylkeskommunen saknar transport, infrastruktur, mobilitet og trafikktryggleik som tema i samfunnsdelen og spesielt</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Innspela er tatt til etterretning.</p> <p>Temaa som fylkeskommunen løfter fram skal inngå under kvart satsingsområde. Mobilitet og</p>
--	--	---	--

		<p>under satsingsområdet som handlar om gode kvardagsliv.</p> <p>Til tross for at Fjaler kommune er i gang med å revidere trafikktryggingsplanen, meiner fylkeskommunen at samfunnsdelen bør vektlegge trafikktryggleik i større grad.</p> <p>Kommunen skal ta omsyn til transportbehov når ein legg rette til bustad- og næringsutvikling. Spreidd busetnad og næringsverksemd kan bidra til utfordringar spesielt for dei utan bil.</p> <p><b>Kultur og folkehelse</b> Fylkeskommunen meiner at kommunen bør utarbeide ei oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet som ein del av arbeidet med samfunnsdelen. Her skal regional plan for kultur 2023-2035 leggest til grunn.</p> <p>Fylkeskommunen gir kommunen skryt for målretta arbeid på kulturfeltet, men oppmodar kommunen til å styrke innsatsen om kulturskulen, og om å satse på deltaking i kultur- og idrettsliv, samt frivilligheita.</p>	<p>transport er overordna tema som er relevante for alle satsingsområda.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
--	--	--	--

		<p>VLFK tilrår at kommunen legg til rette for meir medverknad i kultursektoren og blant næringsaktørar generelt.</p> <p>Vidare blir folkebiblioteket si rolle i samfunnsutviklinga understreka i fylket si uttale.</p> <p>Kulturhistoriske verdiar, kulturminne og landskap kan med fordel takast inn som eigne mål og strategiar inn i samfunnsdelen.</p> <p>Fylkeskommunen oppmodar om at innvandring og inkludering blir inkludert i kapittel 3.1 i planprogrammet. Det blir påpeika at relativt mange av innbyggjarane i Fjaler kommune har utanlandsk bakgrunn.</p> <p>Bustadutvikling bør takast med under satsingsområda i kapittel 4 i planprogrammet, da dette er ein kjent utfordring i kommunen.</p> <p>VLFK påpeikar at friluftsliv er ein viktig faktor for mange av satsingsområda som er definert i planprogrammet, særleg i kap. 4.1 og 4.2, men også 4.3.</p>	<p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p> <p>Kapittel 3.1 er oppdatert med eit avsnitt om innvandring og inkludering.</p> <p>Det er lagt til eit punkt om bustadutvikling i kapittel 4.1 under gode kvardagsliv.</p> <p>Innspelet er tatt til etterretning.</p>
31.03.2025	Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (RKHR)	Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein viktig næringsaktør i Fjaler kommune, og har eit forholdsvis høgt tal på tilsette og	Alle innspela er tatt til etterretning.

		<p>rundt 1000 pasientar som får rehabilitering på senteret årleg.</p> <p>RKHR peikar på fire faktorar under satsingsområdet «gode kvardagsliv» som dei synst er spesielt viktige:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilgang til bustad</li><li>• Nærleik til skule og barnehage</li><li>• Godt kollektivtilbod (forbindelsar til Dale, Førde, Bergen og Bringeland er særleg viktige)</li><li>• Eit godt kultur- og idrettstilbod i kommunen</li></ul> <p>Når det gjeld satsingsområdet «næringsutvikling og verdiskaping», oppmodar RKHR kommunen til å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre eit godt kollektivtilbod (sjå punkt under gode kvardagsliv)</li><li>• Arbeide for ytterlegare utbetring av Fv57</li><li>• Arbeide for å bevare flyplassen på Bringeland</li></ul> <p>Hauglandssenteret ønsker eit styrka samarbeid med kommunen innanfor følgande område:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Rekruttering</li><li>• Kompetanseutvikling</li></ul>	
--	--	--	--

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikling av helsetenester til innbyggjarar</li> <li>• Forsking og utvikling</li> </ul>	
04.04.2025	Kystverket	<p>Kystverket meiner at det er viktig at samfunnsdelen er framtidsretta og at den gir premisser for avklaring av arealbruk på sjø og land. Dei meiner det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøareal i samanheng med eksisterande og framtidige nærings- og industriareal, vegar, bustad- og sentrumsområde mv.</p> <p>Vidare må kommunen vere observant på at det ikkje tilretteleggast for aktivitetar som kjem i hinder for sikkerheit og framkome på sjøen.</p>	Innspela er tatt til etterretning.

## Andre innspel som ikkje omhandlar planprogrammet

- 05.02.2025: Ole Jakob Nedrebø
- 24.03.2025: Straumsnes grendelag
- 28.03.2025: Miljøpartiet Dei Grøne Fjaler v/ Mark Taylor
- 31.03.2025: Flekke grendelag
- 31.03.2025: HAFS produsentlag